



DEN NORSKE KYRKJA

Lindås kyrkjelege fellestråd

Lindås kommune

v/ rådmann og økonomisjef

Knarvik, 28. april 2017

Melding frå kyrkjeleg fellestråd om naudsynte investeringsprosjekt i perioden 2018 - 2021

Lindås kyrkjelege fellestråd har rullert investeringsplan i sitt møte 4. april 2017, og fatta følgjande vedtak i SAK 30/17 Rullering av investeringsplan for kyrkjeleg fellestråd i Lindås

Lindås kyrkjelege fellestråd legg til grunn dei årlege investeringsmidlane på NOK 500.000.

I tillegg vil kyrkjeleg fellestråd peike på to prosjekt som bør finne sin løysing i nemnde periode:

1. Etablering av ny parkeringsplass ved Ostereide kyrkje. Nye parkeringsreglar ved kyrkja aktualiserer realisering av planlagt parkeringsplass overfor kyrkja. Antyda kostnad: 1.2 mill
2. Utviding / nyetablering av gravplass ved Lindås kyrkje. Det er antyda eit areal til gravplass mellom Lindås kyrkje og Lindås senter. Dette prosjektet har tidlegare vore inne i økonomiplanen til Lindås kommune, men blei søkt omgjort då Hjelmås gravplass fekk akutt behov for nye graver. Storleiken på areal vil gjere det aktuelt å drøfte samla løysing med Lindås kommune. Gravplass-delen kan få ein kostnad opp mot 20 mill dersom totalt areal skal byggjast ut. Kapasiteten ved Lindås kyrkje i dag tilseier at arbeidet bør startast i 2019 – 2020.

Med venleg helsing

For Lindås kyrkjelege fellestråd

Torgeir Paulsen

kyrkjeverje i Lindås

Side 1